

ØKT NASJONAL KONTROLL





Auka nasjonal kontroll

«... i det Øieblik, at al Magt og Kraft samles her i denne Sal til Afgjørelse af Samfundets høieste og megtigste Anliggender, gaar der ein stor Vækkelse ud over Landet.»

- Johan Sverdrup i Stortinget 8. mars 1872

Senterpartiet ynskjer eit Noreg med små forskjellar, prega av tillit og samhald og med levande lokalsamfunn frå nord til sør. Eit land der kvar og ein av oss skal kunne bli lytta til og ha innverknad både over eige lokalsamfunn, region og landet. Dette er berre mogeleg i eit sterkt og reelt folkestyre.

I eit folkestyre må norske folkevalde både stå til ansvar for, og ha reell styring over samfunnsutviklinga. Folket i Noreg må vita at røyster på ulike parti fører til ulike vegval. Dersom folk opplever at deiara røyster ikkje fører til forventa utvikling, må dei kunna halda landets folkevalde ansvarlege for utviklinga. Dette vil likevel berre fungera dersom landets folkevalde har reell makt til å ta avgjærder som fører landet i lova retning, og at vedtaksmakta faktisk ligg i Stortinget, og ikkje i EU.

Den viktigaste og mest grunnleggande oppgåva for kvar nasjonalstat, er å sikra eigne borgarane sin tryggleik. De siste tiåra har me sett ein tendens til at produksjon er flytta ut av mange vestlege land og samfunnskritiske produkt er blitt avhengig av lange og globale forsyningslinjer. Dei siste års kriser har likevel vist kor sårbart eit land er, dersom det manglar sikker tilgang til mat, medisinar, energi, vital kompetanse eller arbeidskraft. Senterpartiet meiner sterkare nasjonal kontroll over grunnleggande samfunnsområde er naudsynt for å auka tryggleiken til folk i Noreg.

For Senterpartiet er det openbert at folkestyret i Noreg ikkje kan fungera, dersom Noreg ikkje har nasjonal kontroll over vitale samfunnsområde. Det er for eksempel ikkje mogleg å sikra at norske borgarar, både i dag og i framtida, har makt til sjølv å bestemma landet si framtid, utan fysisk kontroll over eige territorium. Dette må sikrast gjennom ein kombinasjon av eit sterkt nasjonalt forsvar, gode politi- og tollfunksjonar, og norsk NATO-medlemskap. Det må også arbeidast for eit vidare sterkt samarbeid mellom landa i Norden på både forsvar, utdanning, kultur og øvrige samfunnsområde.

Norske borgarar har heller inga reell tryggleik, dersom dei ikkje er sikra tilgang på nok og trygg mat. Den einaste måten norske folkevalde kan gje denne tryggleiken til landet sine borgarar er gjennom en stadig styrking av nasjonal matproduksjon, nasjonale matlager og ein vel gjennomtenkt beredskapspolitikk.

Det er viktig å styrke totalberedskapen, ikkje minst i nord. Den nye geopolitiske situasjonen gjer at satsing på sikkerhets- og beredskapssammerke, er særsviktig. Regjeringen må bidra til å fremja kunnskap for betre samhandling og fleire øvingar på tvers av offentlege og private aktørar. Regjeringa må sikre forskningsbaserte utdannings- og videreutdanningstilbud innan tryggleik og beredskap.

Trygg tilgang på energi er avgjeraande for at eit moderne samfunn skal fungera. Rikeleg tilgang på konkurransedyktig, rein og rivileg energi er og naudsynt for å kunne ta vare på norske arbeidsplassar, kritisk produksjon, norsk industri og den norske velferdsstaten. At norske folkevalde styrer energipolitikken i Noreg – altså sikrar nasjonal kontroll over den – er avgjeraande for å kunna bevare tilliten villom folket og dei folkevalde i Noreg.

Den siste maktutgreiinga vart lagt fram i 2003, og ein av hovedkonklusjonane den gong var at det representative folkestyret var svekka samtidig som det skjedde ei stadig større



rettsleggjering av samfunnet og makttihøva. Dei siste 20 åra har samfunnet gått gjennom store endringar, særleg gjeld dette gjennom at informasjonsformidling og samfunnsdebatt har flytta seg til digitale plattformer. Senterpartiet meiner det er på tide med ei ny maktutgreiing.

Eigarskap og kontroll over norske naturressurser

I Noreg har me lukkast med noko som relativt få land har klart: Heile folket har fått glede av landets naturressurser. Dette hadde ikkje vore mogeleg utan ein medviten politikk av stortingsfleirtalet som har sikra nasjonalt eigarskap til og nasjonal kontroll over naturressursane.

Kva for eit Noreg ville me hatt i dag, om me hadde selt ut våre fossefall? Om me hadde latt EU ta kontroll over norsk fisk? Eller om me lot utanlandske kapitaleigarar kjøpa så mykje norsk jord og skog som dei sjølv ynskte? Eller om me lot internasjonale selskap ta kontroll over vår olje og gass? Svaret på alle desse spørsmåla er at me ville hatt eit fundamentalt annaleis land. Me ville hatt eit land der norske borgarar både var fattigare og hadde langt mindre innflyting over samfunnsutviklinga i eige land.

Fossefall, jord og skog, olje og gass, fisk og havarealer er alle ressurser me har nasjonalt eigarskap til som følgje av historiske kampar og bevisste politiske vegval.

Konsesjonslovane har hatt stor tyding for å sikra lokalt og nasjonalt eigarskap i Noreg. Konsesjonslovane er derfor noko av det aller stoltaste ved norsk historie. Dei har sikra at heile folket har fått glede av naturressursene, ikkje berre utenlandske kapitaleigarar og ein liten elite i vårt eige land. Senterpartiet vil at Noreg skal bruke lærdomen fra eiga historie, og styrkja det nasjonale eigarskapet og kontrollen over eigne naturressursar.

Senterpartiet vil:

- Styrkja konsesjonslovgjevinga for skogseigedomar, for å sikra norsk eigarskap til norsk skog og utmark.
- Foreta ein gjennomgong av lovverket knytt til småkraft, sol- og vindkraft med sikte på å styrkja og sikra nasjonalt eigarskap i sektoren.
- Gjera det vanskelegare for aksjeselskap å kjøpa landbrukseigedomar.
- Sikra nasjonal kontroll over strategisk viktige jordressursar og mineral.
- Sikra beredskapslagring av viktige medisinar og smittevernustyr.

Nasjonal kontroll over norsk kraft

Rimeleg energi har vore eit grunnleggjande velferdsgode for norske hushald, og ein konkurransefordel som store delar av norsk industri og næringsliv er basert på. For å sikra stabile, rimelege og konkurransedyktige kraftprisar og i framtida, må det i større grad leggast til rette for auka produksjon av fornybar energi og sikra nasjonal kontroll over desse kraftressursane. Me må ha ein utvekslingsstrategi med andre land og ikkje ein eksportstrategi for straum. Det norske energisystemet basert på magasinerbar vannkraft skil seg markant fra det europeiske energisystemet, som for tida går gjennom ei drastisk endring.

På energifeltet vil Senterpartiet forsterka arbeidet med å sikra nasjonal kontroll. Dei siste to åra har vist oss at det er naudsynt å innføra nye grep. Me må behalda suveren norsk



kontroll over alle avgjersler med tyding for energitryggleiken. Det norske kraftsystemet må tuftast på gjensidig utveksling, ikkje netto eksport. Senterpartiet har i regjering sørga for at det ikkje skal byggast nokon nye kablar ut av Noreg. For å hindra ytterlegare avgjeving av norsk suverenitet over norsk energipolitikk, seier Senterpartiet nei til EUs fjerde energimarknadspakke. Senterpartiet er mot å gje meir makt over norsk energipolitikk til EU og denne energimarknadspakken vil svekka Noreg sin handlefridom på energiområdet.

Konsekvensane for Noreg av å knyta seg tettare til eit europeisk energisystem under kraftig ombygging har blitt store. Stabil kraft har i stort omfang blitt erstatta av variabel kraft frå sol og vind. Saman med manglande stabil forsyning av gass som følgje av Russlands krigføring, har dette skapa den kraftkrisa som tydeleg viser at det er trong for nye grep for å sikre nasjonal kontroll over dagens kraftressursar, slik at hushald og næringsliv i framtida unngår den utryggleiken som høge straumprisar no skapar. Krisa har tydeleg vist at ny kraftproduksjon raskt må på plass. Eit svært viktig grep for å få til dette var regjeringas vedtak om at utbygging av havvind på felta Utsira Nord og Sørlige Nordsjø II skal skje med kabel til fastlandet, og ikkje med kabler som også er knytt til kontinentet (hybridkablar), som ville kunna auka eksporten av norsk vannkraft. På denne måten vert denne utbygginga eit viktig bidrag til å betre den nasjonale kraftbalansen.

Samla vil alle dei nemnde tiltaka på sikt gje auka straumproduksjon og større nasjonal styring av energisystemet. Likevel har dereguleringa ført til både høgare prisar og ein lite føreseieleg situasjon etter årtusenskiftet. Det toppa seg med historisk høge straumpriser i 2021 og med ein ny topp hausten 2022. Det har ført til store utfordringar for både næringsliv og mange hushald.

Senterpartiet vil derfor ta sterkare styring over straumprisen som rammar norske forbrukarar og bedrifter, slik at me ikkje opplever prissjokk på den måten me spesielt opplevde hausten 2022. Senterpartiet vil bruke skattesystemet, reguleringar, statsbudsjettet og nasjonal politikk, slik at vannkrafta vert disponert til det beste for norske forbrukarar og norsk næringsliv. Målet er å sikra forsyningstryggleiken, meir stabile og lavare straumpriser.

På kort sikt er ei straumutgift som ikkje er bestemt av den internasjonale marknaden viktig. Senterpartiet vil derfor arbeida for en løysing der politikarane tar tilbake styring over kraftprisen, og gjennom det sikrer føreseielegheit og eit lavare prisnivå for både hushald og bedrifter. Det er naudsynt å få meir kontroll på straumprisene både for hushald og næringsliv. Det må særleg i det korte bildet vurderast nye tiltak for næringsliv i høgprisområder, blant anna gjennom å instruera Statkraft i å tilby betre fastprisavtalar.

Senterpartiet vil:

- Arbeida for en sterkare styring av kraftpolitikken, inklusiv naudsynte strukturelle grep, for raskt å sikra ein lavere kraftpris slik at norske innbyggjarar og bedrifter får lavere straumkostnader.
- Ha ein tydeligare regulering av utenlandshandelen med straum
- Sei nei til EUs fjerde energimarkedspakke



- Sikre auka nasjonal kontroll med kraftflyten over utenlandskablane for å sikra nasjonal forsyningstryggleik. Noreg treng gjensidig utveksling av effekt, men kan ikkje vera ein eksportnasjon når det kjem til elektrisk kraft.
- Ha høve til å avgrensa eksporten når fyllingsgraden i fleirårsmagasinane avvik frå median fyllingsgrad (sesongjustert).
- Ikkje godkjenna eller leggja til rette for nye mellomlandskabler til utlandet i denne stortingsperioden.
- Gjera endringar i energisektoren som gjer at me har endå større nasjonal kontroll på eigarskap, eksport og kapasitet.
- Elektrifisering av sokkelen skal på sikt skje enten ved havvind eller alternativ teknologi slik at industrien og straumbehovet på land ikkje vert skada.
- Leggja til rette for auka produksjon av fornybar energi samtidig som ein tar omsut til næringar som er avhengig av naturen.
- Gå gjennom behov og forbruk nasjonalt, og prioritera hardere mellom ulike formål, der industri, og omstilling er særleg viktig.
- At straumen som hovedregel skal brukast der det gjev størst samfunnsgevinst
- Ha ei storstilt satsing på energieffektivisering i alle sektorar og på alternative energiformer som bioenergi gjennom til dømes fjern- og nærvarme, samt legga betre til rette for produksjon og utnytting av biogass.
- Henta inn meir kunnskap og satsa planmessig på ytterlegare forsking og kompetansebygging innafor området kjernekraft.

Et styrka norsk forsvar i ei krevjande tid

Forsvaret er eit av statens viktigaste verkemiddel for å sikra suverenitet og fridom. Med krig igjen som realitet i Europa, er det trøng for eit styrka forsvar. Det Forsvaret me har må virka i dag. Russlands fremferd skapar uføreseielegheit og auka spenning og i våre nærområder. Dette krev årvakenhet fra Noreg og NATO.

Med Senterpartiet i regjering har me sørgra for at Marinens no seglar meir, våre fly flyg meir, og at Hæren og Heimevernet øver meir. At Forsvaret har kapasitet til å delta i, og påverka aktivitet i nordområdene er viktigare enn nokon gong. Senterpartiet vil dei komande åra fortsetta ei tydelig styrking av Forsvaret gjennom betra finansiering og auka bemanning.

Med Senterpartiet i regjering styrkte me Forsvaret med 3 milliarder kroner i strakstiltak våren 2022 for å auka aktiviteten og å styrke beredskapen, særleg i nord.

Forsvarsbudsjettet for 2023 er styrkt med 6,8 milliardar kroner.

Med Senterpartiet i regjeringen har me styrkt Heimevernet. I 2023-budsjettet sikra me 500 fleire soldatar i HV, samt meir øving og trening. Heimevernet er ein viktig ressurs for nasjonal beredskap, og kan raskt vera på plass der det trengst, når det trengst. Etter hendingane i Østersjøen var Heimevernet raskt på plass for å helpa politiet med vakt og sikring av ulike olje- og gassinstallasjonar. Støtta som Heimevernet helpte politiet med var avgjerande for sikre nasjonal kontroll i ein spent og uoversiktleg situasjon. Me må fortsetta å styrka Forsvaret og sikra at Forsvaret kan ha høg beredskap og nærvær og i 2023. Me må være førebudd på å setta inn ytterlegare tiltak dersom tryggleikssituasjonen skulle kreva det.

Det er avgjerende viktig for freden og stabiliteten i Europa at Russland ikkje når sine krigsmål. Mellomstatlige spørsmål skal ikkje avgjerast med militärmakt. Dette er særleg viktig for Noreg som ein småstat. Noreg har sidan Russlands angrep støtta Ukraina med militært materiell. Noregs viktigaste målsettingar knytt til krigen i Ukraina er å stø



Ukraina i sin forsvarskamp, hindra at krigen eskalerar og verna om eit fortsett sterkt vestleg samhald. Ukraina er avhengig av stadige vestlege våpenleveransar og anna støtte og i tida fremover. Regjeringa er tydeleg på at Noreg skal stø Ukraina så lenge det er trond.

Senterpartiet vil:

- Styrkja Forsvaret og særleg prioritera tiltak som aukar den operative evna raskt, og med tanke på nordisk samarbeid og teknologi.
- Fortsetta styrking og oppbemannning i Heimevernet og sikra materiell i tråd med Heimevernets trond.
- Styrkja helikopterkapasiteten på Bardufoss med Seahawk- og Bell-helikopter
- Slutta opp om NATOs to-prosentmål og styrkja det allierte forsvarssamarbeidet i NATO.
- Styrkje arbeidet for likestilling blant militært personell.
- Styrkje det forebyggande arbeidet mot trakkassering og uynskte hendingar blant militært personell.
- Stø Ukraina i sin forsvarskamp så lenge det er trond
- Styrkje sivil beredskap gjennom auka rammer til lokal friviljugheit

Matforsyning

Som nasjon må Noreg til ei kvar tid sikra borgarane nok tilgong til mat. Derfor må nasjonale kornlager gjenopprettast. Dette vil sikre heile landet mattrøggleik over ein lengre periode, samtidig som me må auka matproduksjon basert på lokale ressursar. Med Senterpartiet i regjeringa vil me styrkje sjølvforsyningsgraden, styrkje tollvernet og innföra beredskapslagring av så- og matkorn. Senterpartiet ynskjer og ein auka produksjon av sjømat som i større grad er basert på lokale fôrressursar som eit viktig bidrag for mattrøggleik

Verdas matforsyning er under press. Krigen i Ukraina, ein av verdens største produsenter av korn, mais og matolje, utfordrar globale matprisar. Det same gjer svake avlingar på grunn av klimaendringar i andre store produsentland. Utfordringar i tilgongen på kunstgjødsel på grunn av mangel på naudsynte rávarer fra Russland og Belarus, samt auka priser på gass, gjer at verda potensielt står overfor ei matproduksjonskrise. Situasjonen har tydeleggjort kor sårbar me er ved uro i globale forsyningsskjeder i mat. Det viktigaste Noreg kan gjera for å trygga vår mattrøggleik, er å styrkje norsk matproduksjon. Dette skal gjerast gjennom å sikre ein langsiktig betring av lønsemda i landbruksnæringa og monaleg auka investeringar både i husdyr og planteproduksjon.

Ved usikre forsyningsliner og ustabilt klima, er utmarka ein stabil kjelde til matforsyninga vår. Utmarksbeite er derfor ein stor og viktig ressurs, men ein aktiv bruk av den forutset at det er lønsemdu i å driva jordbruk og matproduksjon over heile landet. For å oppretthalde kvaliteten på utmarksbeite må det vera eit stort tal på beitedyr som nyttar arealet. Me må derfor ha ein balansert forvalting av rovdyr som muliggjer Stortingets rovdyrforlik med ein aktiv beitenæring basert på utmarksressursane, og at me betrar regulering av tallet på rovdyr i forkant av beitesesongen.

Under 1. verdenskrig opplevde Noreg ein sterk mangel på korn. I Statens Kornforretnings beretning for 1928-1953, kan ein lesa at denne mangelen skapte panikk hos store delar av folket. Den opphissa stemninga blant folk ga seg blant anna utslag i uro i fleire byar. Dette gjorde at statens Kornforretning vart oppretta i 1928 og i 1940 var kornlagra breddfulle og Noreg hadde kornlager for 12 månadars forbruk fram til 1990-talet.



På mange måter liknar situasjonen i dagens Noreg den som var for over hundre år sidan, før 1. verdenskrig braut ut. Noreg har dei siste åra stått utan kornlager, silokapasitet, men har ein kornproduksjon som er høgare i høve til forbruk enn den gong. Det tyder at me no kan oppnå same tryggleik som den gong med kornlager for om lag 6 månadars forbruk.

Senterpartiet vil:

- Styrke importvernet for norsk jordbruk ved aktiv bruk av tollreglar.
- Innföra nasjonale mat- og såkornlagre i løpet av 2023. Dette byggjast slik at det også styrker norsk kornproduksjon og -logistikk.
- Fortsetja styrkjinga av norsk matproduksjon gjennom eit sterkt landbruk i heile landet gjennom aktive politiske grep.
- Tette inntektsgapet mellom jordbruksavtalen og andre grupper i samfunnet i samarbeid med partane i jordbruksavtalen.
- Landbruksproduksjonen må baserast på lokale forutsetningar og høve, i fyrste hand på den einskilde gard sitt ressursgrunnlag.
- At utmarksressursane vert rekna som ein del av ressursgrunnlaget for matproduksjon innafor beitenæringerne.
- Jordvern vert eit overordna omsyn i arealforvaltinga.
- At vilkåra i vaktordninga for veterinærar vert betra for å stimulera til at veterinærane ynskjer å delta i den.
- Utgreia foreldrepermisjonsordninga for bønder, med mål om at ein reelt sett skal få foreldrepermisjon på lik linje som andre yrkesgrupper.
- Auka avløyser tilskotet for unge, nyetablerte bønder dei fem første driftsåra.
- At naturbrukskulene videreutviklast slik at dei er i forkant av trøng for ny kunnskap i matproduksjonen.

Digital sikkerhet og kontroll på grensene

Både teknologiske og tryggleiks endringar gjer det i dag naudsynt med ein grundigare gjennomgang av spørsmål knytt til nasjonalt eigarskap og kontroll, spesielt når det gjeld viktig infrastruktur. Infrastruktur som vegar, havner, flyplasser og jernbane, via breiband og telekom, til energi og vatn, er vitale sektorer. Evna til å sikre desse sektorane er avgjerdande for å helda samfunnet i gong dersom ei krise skulle oppstå. Det er ein stor risiko for at bedrifter frå einskilde land kan brukast til blant anna etterretningsføremål.

Det er eit klart mål for Senterpartiet å styrke den nasjonale kontrollen med kritisk digital kommunikasjonsinfrastruktur, som mobil- og breibandsnett. Eit viktig verkemiddel kan være å oppdatera sikkerheitslova slik at norske myndighet får betre oversikt over endringar i eigarskap i norske verksemder, og at det vert enklare å stansa uynskte sal til framande aktørar. Senterpartiet og regjeringa vil også sikra oversikt over uynskt økonomisk aktivitet for bedrifter som ikkje er underlagt sikkjerhetslova, og har sett ned eit offentlig utval om screening. Senterpartiet vil styrkja bruken av leverandørar av vital infrastruktur frå allierte land, etablira ein "statssky" og sikre at vital industri ikkje vert seld til kapitaleigarar frå land Noreg ikkje har sikkjerheitssamarbeid med.



Arbeidsmarked og kompetanse

Samhaldet og folkestyret i Noreg er avhengig av felles arenaer og felles språk. Det er ingen andre land i verda som kan ta ansvar for å bevare det norske språket i Noreg. Senterpartiet vil bidra til å styrke norskandelen i doktorgradsutdanning i naturvitenskap og teknologi for å sikre naudsynt kompetanse og omstillingsevne til industrien og øvrig næringsliv. På same måte er det ingen andre land som kan ta ansvar for at Noreg til ei kvar tid har tilgang til den kompetanse og erfaring som trengst for at vårt eige arbeidsmarked skal fungera. Oppbygging av utdanningskapasitet på felt der det er i dag er kompetansemangel må ha høg prioritet. Det er i dag særskilt stor trøng innan blant anna helse- og sosialfag, lærarutdanning og IKT/teknologi.

Det er svært viktig å føra ein utdanningspolitikk som sikrar at lokal kompetansetrøng vert dekka i heile landet. Dette må innebera eit godt og desentralisert tilbod innan videregåande opplæring, vaksne si læring, og eit desentralisert tilbod inna høgare utdanning. Meir praktisk undervising i grunnskulen og tidligare introduksjon til yrkesfag vil vera eit viktig ledd i å sikra rekruttering til yrkesfag i tråd med næringslivet sin trøng. Me må også styrke etter- og vidareutdanning med tanke på å fylla samfunnet sin trøng og den einskilde innbyggjar sitt høve for deltaking i arbeidslivet (livslang læring).

Norske sjukehus må organiserast slik at legar, sykepleiarar og anna helsepersonell får meir tid til pasientkontakt. Ressursane må brukast på pasientane, ikkje på byråkrati og rapportering.